



VEIDEKKE ENTREPRENØR AS
Postboks 506 Skøyen
NO 0214 OSLO

Vi treng fleire opplysningar for å behandle søknaden – varsel om avslag på søknad

Saka gjeld Kvinnherad - Gnr/bnr 81/70 - Lyngstrandvegen - søknad om samtykke.

Arbeidstilsynet viser til søknad av 17.09.2020 om samtykke etter arbeidsmiljøloven § 18-9. Vi fekk søknaden frå VEIDEKKE ENTREPRENØR AS. Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandle søknaden.

Om vi ikkje skal avslå søknaden om samtykke, må de sende oss dokumentasjonen som manglar, **innan 08.12.2020**.

Søknaden omfattar tiltakstype og bygningstype 532 Sentralkjøkken, kantinebygning.

Tiltaket er tidsavgrensa og omfattar kjøken, kantine for 60 personar og bustadrom for to tilsette. Areal av kantinebygg er 246,3 kvadratmeter. I tilknytning til kantinebygg ligg bustadrigg.

Dette har vi fått frå dykk

Saksbehandlinga er basert på denne dokumentasjonen:

- 1 Søknad om samtykke
- 2 Komplette søknad til Arbeidstilsynet.pdf

Dette manglar

Arbeidstilsynet har motteke opplysningar om at det vil vera tre tilsette ved kantinebygget. Det er ikkje opplyst om korleis drifta skal føregå i bygget om det vil vera tilstrekkeleg bustadrom for tilsette ved kantine, evt. reinhald.

Ventilasjon

Arbeidsplassforskriften §§ 2-14 og 7-1 stiller krav til klima, ventilasjon, luftkvalitet med meir.



Arbeidslokale skal vere utforma og innreidd slik at dei enkelte arbeidsplassane og personalromma får tilfredsstillande klima når det gjeld temperatur, fukt, trekk, luftkvalitet og sjenerande lukt, og at dei beskyttar mot giftige eller helsefarlege stoff.

Arbeidstilsynet har ikkje fått tilstrekkelege opplysningar om at planane for ventilasjonsanlegg er i tråd med dei gjeldande krava. Nedanfor listar vi opp det vi vurderer at manglar, og som tiltakshavaren må dokumentere.

- Det er ikkje lagt ved informasjon om kontrollerte luftmengder basert på personbelastning, ureining og materialar i kvart enkelt rom i bygget. Dokumentasjonen som er sendt inn gir tekniske opplysningar om vifter som er tenkt nytta. Normalt vil det vera naudsynt med balansert ventilasjon for å ivareta kravet til tilfredsstillande luftkvalitet.

Krav til ventilasjon

Arbeidsplassforskriften stiller krav til inneklimate. Arbeidslokale og arbeidsplassar, eller andre område som arbeidstakarane har tilgang til og der arbeidet eller prosessar kan føre til forureining av lufta, skal ha mekanisk ventilasjon og prosesstilpassa avsug. Dette skal sørge for at konsentrasjonen av kjemikalier i arbeidsatmosfæren blir halden på eit forsvarleg nivå.

Rettleiinga *Klima og luftkvalitet på arbeidsplassen* frå Arbeidstilsynet (rettleiing 444) inneheld normer for tilfredsstillande inneklimate og luftkvalitet. Rettleiinga fastslår at balansert mekanisk ventilasjon som hovudregel sikrar tilstrekkeleg luftskifte og dermed tilfredsstillande inneklimate generelt. Dette er lagt til grunn for forvaltningspraksisen vår.

Arbeidstilsynet stiller ikkje konkrete krav til løysingar, men til dokumentasjon som viser at de planlegg løysingar som gir tilfredsstillande inneklimate uavhengig av arbeidstypen. Om de vel ventilasjonsløysingar som oppfyller normene som er lista opp i rettleiing 444, vil krava til inneklimate og luftkvalitet normalt vere oppfylt.

Vi gjer merksam på at krava til tilfredsstillande inneklimate blir forvalta strengt. De finn nærmare rettleiing om krava og korleis dei kan oppfyllast, på www.arbeidstilsynet.no/tema/inneklimate/ og www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/sjekkliste-for-krav-til-fysisk-arbeidsmiljo/. Her finn de også lenker til det aktuelle regelverket.

Rettleiinga *Klima og luftkvalitet på arbeidsplassen* (rettleiing 444) er å finne her: www.arbeidstilsynet.no/tema/inneklimate/.

Målsette teikningar

Ved søknad om samtykke frå Arbeidstilsynet skal blant anna målsette teikningar som beskriv avstandar, funksjonar og areal (situasjonsplan, plan-, snitt-, fasade- og innreiingsteikningar m.m.) leggest ved søknaden.

Vi har ikkje fått det teikningsgrunnlaget som er nødvendig for å kunne vurdere om krava til fysisk arbeidsmiljø vil bli varetatt i tiltaket de har søkt om. Nedanfor listar vi opp det vi vurderer at manglar, og som tiltakshavaren må dokumentere.



- Målsette teikningar av bustadriggen som skal plasserast ved kantinebygg. Bustadmodular vil normalt vera arbeidsstad for personale som utøver reinhald. Det er difor viktig at det vert lagt tilrette for at dei kan utføra oppgåvene på ein forsvarleg måte. Vi gjer merksam på at personalrom og innkvartering som arbeidsgivar stiller til disposisjon for arbeidstakarar er omfatta av arbeidsmiljølova med tilhøyrande forskrifter.

De finn meir informasjon om kva vedlegg som må følge med søknaden, på www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/Vedleggsomskalfølgemedsoeknaden. Her finn de også lenker til det aktuelle regelverket.

Tilrettelegging for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne

Arbeidsmiljøloven § 4-1 femte ledd stiller krav om at tilkomstvegar, sanitæranlegg, arbeidsutstyr og liknande bør vere utforma og innretta slik at arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne kan arbeide i verksemda. Arbeidstilsynet har ikkje fått tilstrekkelege opplysningar om at planane for tilrettelegging for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne er i tråd med dei gjeldande krava. Nedanfor listar vi opp det vi vurderer at manglar, og som tiltakshavaren må dokumentere.

- Det er ikkje planlagd med tilrettelagd tilkomst til bygget. Vidare manglar HWC. Det vert opplyst at dette vil bli ordna om det vert behov. Vi kan ikkje sjå at ei slik løysing tilfredsstillar karvet om tilrettelegging.

Krav til tilrettelegging for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne

Dei særskilde krava til tilrettelegging for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne står i arbeidsplassforskriften § 2-4 og er supplert av kommentardelen i forskrifta. Det må leggst særleg vekt på tilrettelegging (universell utforming) som varetar arbeidstakarar med blant anna nedsett rørsleevne, syns- og orienteringshemmingar og høyrselshemming. Dette gjeld ved både nybygging, ombygging og bruksendring.

Målet med kravet er at alle arbeidstakarar med funksjonshemming skal ha tilgang til alle arbeidsplassane og arbeidslokala i verksemda. Dette betyr at det må vere trinnlause tilkomst, heis eller annan mekanisk persontransport, og at eterom, garderober, handikaptalett osv. er tilstrekkeleg dimensjonert og innreidd.

Det skal som hovudregel alltid vere eit fullverdig handikaptalett (dobbeltsidig med plass til rullestol på begge sider av toalettet og snusirkel), eller to ein-sidede handikaptalett (eitt høgresidig og eitt venstresidig). I bygg med fleire etasjar skal det som hovudregel vere handikaptalett i kvar etasje.

Grunngivinga for dette er blant anna at terskelen for å tilsette arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne blir høgare om lokala manglar tilrettelegging og at dette vert vanskelegare dersom ein allereie tilsett arbeidstakar får mellombels eller varig redusert rørsleevne.

Tilretteleggingskravet gjeld så langt det er mogleg og rimeleg å tilrettelegge, og må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Det er opna for unntak i særskilde tilfelle.

Elles gjer vi merksam på at krava til tilrettelegging for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne blir



forvalta strengt. De finn nærmare rettleiing om krava og korleis dei kan oppfyllest, på www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/sjekkliste-for-krav-til-fysisk-arbeidsmiljo/ og www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-heis-og-handicaptaolett/. Her finn de også lenker til det aktuelle regelverket.

Vi held fram med å behandle saka når vi har fått dokumentasjonen over.

Det er tiltakshavaren som skal sjå til at søknaden gir alle nødvendig opplysningar, og som må ettersende den dokumentasjonen som manglar.

Om retten Arbeidstilsynet har til å kreve opplysningar

Ifølge forskrift om administrative ordninger § 12-1 kan Arbeidstilsynet kreve alle opplysningar som går fram av søknadsskjemaet til Arbeidstilsynet, og elles alle dei opplysningane som er nødvendig for at vi skal kunne vurdere om lovkrava er oppfylte, i kvart enkelt tilfelle.

Kva skal søknaden dokumentere?

Søknaden om samtykke frå Arbeidstilsynet skal dokumentere at bygningstiltak blir planlagde i tråd med regelverkskrava, slik at dei tar vare på sikkerheita, helsa og velferda til arbeidstakarane. Arbeidslokala og arbeidsplassane skal utformast og leggast til rette for det arbeidet som skal utførast, den enkelte arbeidstakaren og særskilde risikoforhold ved drifta.

Kommunen kan ikkje gi igangsettingsløyve utan samtykke frå oss

Merk at kommunen ikkje kan gi igangsettingsløyve utan samtykke frå Arbeidstilsynet, jf. plan- og bygningsloven §§ 21-4 og 21-5.

Vi sender kopi av dette brevet til KVINNHERAD KOMMUNE for å gjere merksam på at de ikkje har fått samtykke frå Arbeidstilsynet etter arbeidsmiljøloven § 18-9.

De kan klage

De kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningsloven § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får vedtaket. De kan ikkje reise søksmål før klageretten er prøvd, jf. forvaltningsloven § 27b.

Meir informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klaging, retten til å sjå dokumenta i saka og søksmål finn de på arbeidstilsynet.no/klage.



Gi informasjonen vidare til arbeidsmiljøutvalet, verneombodet eller tilsettrepresentanten

Arbeidsgivaren skal sjå til at arbeidsmiljøutvalet eller verneombodet tar del i samtykkebehandlinga. Vi ber dykk derfor om å gjere arbeidsmiljøutvalet eller verneombodet kjent med dette brevet. Dersom verksemda ikkje har arbeidsmiljøutval eller verneombod, skal de gi kopi av brevet til tilsettrepresentanten.

Dersom tiltakshavaren er utleigaren, skal de gi ein kopi av brevet til alle arbeidsgivarar som er leigetakarar. Dette er for at dei skal kunne orientere sine egne arbeidsmiljøutval, verneombod eller tilsettrepresentantar.

Sjå arbeidsmiljøloven § 7-2 andre ledd bokstav c) og forskrift om organisering, ledelse og medvirking § 2-2 tredje ledd bokstav a).

Meir informasjon?

Meir informasjon om Arbeidstilsynet sitt samtykke og krav til det fysiske arbeidsmiljøet finn de her [arbeidstilsynet.no/byggesak](https://www.arbeidstilsynet.no/byggesak).

Send dokumentasjon via eDialog

Bruk [eDialog](#) viss de skal sende oss opplysningar eller svare på dette brevet. Oppgi referansenummer 2020/40085. Les meir om eDialog på www.arbeidstilsynet.no/post.

Med helsing
Arbeidstilsynet

Tommy Pedersen
seksjonsleder

Ellen Meldahl
Seniorinspektør

Dette brevet er elektronisk signert.

Kopi til:

KVINNHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10

5470

ROSENDAL